



Arkivnr: 2016/5155-22

Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland

Unnateke offentleggjering OFFL § 26, 2. ledd

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		12.10.2016

Folkemusikkstipend

Samandrag

Fylkestinget vedtok i handsaminga av budsjettet for 2016 å setta av kr 400.000 til prosjektmidlar folkemusikk (post 400.735).

I sak 93/16, 08.06.2016, vedtok Utval for kultur, idrett og regional utvikling korleis desse midlane skal disponerast : Kr 300.000 av dei løvvde midlane over post 400.735 vart tildelt som driftsstøtte til Hardingfela.no. For å stimulere og understøtte tilveksten innan tradisjonsmusikk og –dans vart det i tillegg vedteke å nytte kr 100.000 av dei avsette 400.000 kronene til stipend. Stipendmidlane vart vedteke fordelt slik:

- eitt folkemusikkstipend på kr 50.000
- to stipend à kr 25.000 øyremerk unge utøvarar (under 30 år)

Denne nye satsinga skal oppmunstre til kunstnarleg utvikling og å styrke og sikre arbeid med immateriell kulturarv. Stipenda er meint å gje høve til ein periode med fordjuping og / eller fagleg påfyll og utvikling.

Rådet for Hardingfela.no vart vedteke å vere rådgjevande fagkomité for stipenda og har innstilt kandidatar til fylkesrådmannen på grunnlag av ei skjønsmessig vurdering basert på kunstnarleg og fagleg nivå, og kjennskap til feltet.

Stipenda kan tildelast musikarar, songarar og dansarar og dei som arbeidar med dokumentasjon, formidling eller instrumentbygging.

Vedtekne føringar elles for stipenda er:

Søkjær må vere busett i Hordaland

Det vert ikkje gitt støtte til personar som er under formell utdanning dvs at det vert ikkje gitt støtte gjennom stipenda til offentleg godkjend utdanning som til dømes gjev rett til studielån.

Stipenda vert tildelt ein gong årleg.

Ved søknadsfristen 1.september vart det kome inn 19 søknader frå 17 søkerar.

Fylkesrådmannen tilrår å slutte seg til Rådet for Hardingfela.no si innstilling.

Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling tildeler følgjande folkemusikkstipend over budsjettpost 400.735 – prosjektmidlar folkemusikk:

1. Alexander Aga Røynstrand – stipend på kr 50 000
2. Borghild Marie Opdahl – stipend på kr 25 000
3. Kristoffer Kleiveland - stipend på kr 25 000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 23.09.2016

Hordaland fylkeskommune har gjennom mange år har hatt ei satsing på folkemusikk, mellom anna gjennom fylkesmusikarordninga og støtte til Ole Bull akademiet.

Målsettinga er å ha ein levande, framtidsretta folkemusikktradisjon, og at fleire skal kunna ta del i den kompetansen som knyter seg til denne rike tradisjonen, som musikarar, dansarar og handverkarar. Nye grupper skal få oppleve tradisjonsmusikk, -dans og den kompetansen som hører til. Det vert utvikla nye uttrykk basert på gamle tradisjonar. Den kulturelle og faglege kvaliteten vert styrkja, både for utøvarar, tradisjonsberarar og publikum. Ein ser stipend som ein god reiskap for å stimulere dette.

I dei seinare år har framveksten av unge lovande utøvarar inne tradisjonsmusikk og dans vore god. Det er likevel trøng for å stimulera og understøtta denne tilveksten. Fylkesrådmannen ønskjer derfor å nytte kr 100.000 av dei avsette midlane til stipend. Fordeling av stipenda vert føreslått som følgjande: eitt folkemusikkstipend på kr 50.000 og to stipend å kr 25.000 øyremerkt unge utøvarar.

Rådet for Hardingfela.no har vore rådgjevande fagkomité for stipenda, slik det vart vedteke i KIRU sak 93/16. Dei har innstilt kandidatane på grunnlag av ei skjønnsmessig vurdering av aktivitet og kvalitet. Innstillingane er grunngjevne. Det vert lagt fram ei oversikt over søkerane som vedlegg til denne saka.

Hardingfela.no er eit samarbeidsprosjekt mellom Ole Bull Akademiet og Hardanger og Voss museum. Samarbeidet i Hardingfela.no blir leia av eit felles råd. Rådet er Hardingfela.no sitt øvste faglege organ.

Kriteria for tildeling av folkemusikkstipend er samordna med retningsliner for kunstnarstipend (handsama i Utval for kultur, idrett og regional utvikling 10 mai):

- For å få tildelt stipend må ein vere profesjonell utøvar busett i Hordaland. Det vert ikkje gitt støtte til personar som er under formell utdanning.
- Stipenda vert fordelt slik:

eitt folkemusikkstipend kr 50.000

to stipend av kr 25.000 til unge utøvarar innan tradisjonsinstrument, vokal tradisjonsmusikk og folkedans

- Stipenda vert tildelt ein gong årleg.
- Rådet for Hardingfela.no vert rådgjevande fagkomité for stipenda og innstiller til fylkesrådmannen.
- Fagkomitéen vurderer og innstiller på grunnlag av ei skjønnsmessig vurdering basert på kunstnarleg aktivitet og kvalitet.
- Utval for kultur, idrett og regional utvikling fattar vedtak om tildeling av stipend.
- Søkjar må fylle ut nettbasert søknadsskjema. Det kan leggast ved inntil 5 vedlegg eller lenker.

Fylkesrådmannen tilrår å slutte seg til innstillinga frå Rådet for Hardinfela.no. Følgjande innstilling er levert frå Rådet:

Innstilling av vinnarar til Hordaland Fylkeskommune sitt folkemusikk – og folkedansstipend 2016.

Satsinga skal oppmuntre til kunstnarleg utvikling og å styrke og sikre arbeid med immateriell kulturarv. Rådet for hardingfela.no innstilte på møte 15.september 2016 søkerar på grunnlag av ei skjønnsmessig vurdering av aktivitet og kvalitet.

*Rådet for hardingfela.no består av representantar frå
Hordaland Folkemusikkklag: Silje Solberg
Hordaland Ungdomslag: Sverre Sundvor
Hardanger Spelemannslag: Sjur Kjerland (vara for Arne Jordan)
Voss Spelemannslag: Lars Gjelland
Ole Bull Akademiet: Jo Asgeir Lie
Hardanger og Voss museum: Agnetha Sivertsen
Hordland fylkeskommune: Jørn Oftedal*

Rådet set stor pris på oppgåva som Hordaland fylkeskommune har gjeve dei, og at Hordaland fylkeskommune har valgt å løyve pengar til stipend til gode for folkemusikken og folkedansen.

Innstilling til stipend på kr. 50 000 (1 stipend skal delast ut):

Det var 11 søkjrarar til stipendet fordelt på utøvarar på hardingfele (5 stk), dans (2 stk), felemaking (1 stk), durspel (1 stk), accordion (1 stk) og sekkepipe (1 stk). 7 kvinner og 4 menn søkte, og 8 av 11 søkjrarar har tilknyting til Hardanger/Voss.

Søknadane var jamnt over gode, og dei synte ein stor variasjon i høve prosjekt som utøvarane ynskjer å jobba med. Her fann me prosjekt innan eigenutvikling, djupdykk i tradisjon, forfatting av bok, felemaking, innøving til cd-utgjeving, utvikling av prosjekt for born og unge m.m. Rådet tykte at det var gledeleg at det kom inn så mange gode søknadar i og med at det er første gong stipenda skal delast ut og det tek tid før ei ordning vert kjend. Rådet hadde ein god og grundig diskusjon og innstilte fylgjande vinnar av stipend på kroner 50 000:

Alexander Aga Røynstrand (f.1990) – Hardingfele.

Alexander Aga Røynstrand frå Granvin er trass sin unge alder ein av dei aller beste hardingfelespelarane i landet. Han byrja å spela allereie som 7-åring, og har hatt Knut Hamre som lærermester sidan den gong. Røynstrand har teke utdanninga si på Høgskulen i Telemark avdeling Rauland og på Ole Bull akademiet. Attåt utstrakt konsertverksemd, plateinnspelinger og prosjekt så er Røynstrand ein god instruktør og formidlar slåttekunnskap og historikk til dei unge på ein framifrå måte.

Stipendet ynskjer Røynstrand å bruka på eit spanande prosjekt kring spelemannen Nils Tjoflot (1865-1898) frå Hardanger. Arbeidet omfattar både arkivarbeid, cd-prosjekt med historikkhefte og formidling til publikum i alle aldrar gjennom ei førestilling/konsert

Innstilling til stipend på kr. 25 000 (2 stipend skal delast ut til utøvarar under 30 år):

Det var 8 søkjrarar til stipenda fordelt på hardingfele (3 stk), dans (1 stk), fele (1 stk) durspel (1 stk), song (1 stk) og sekkepipe (1 stk). 5 kvinner og 3 menn har søkt. Søkjrarar i hovudsak frå Bergen og Hardanger.

Også her var det ein god variasjon i søknadane, frå djupdykk i eigen tradisjon til å ta spele – eller songtimar for eigenutvikling. Rådet set pris på at det var stor variasjon i kva instrument/utøving og tradisjon dei ulike søkjrarane tilhører og har innstilt fylgjande vinnarar av stipend på kroner 25 000:

Borghild Marie Opdahl (f.1987) – Dans.

Borghild Marie Opdahl frå Bergen starta å dansa som born, og har teke utdanninga si i dans mellom anna på NTNU i Trondheim. Ho har lært nybyrjarar å dansa runddans, seniorar å dansa turdans skuleborn songleikar og ungdomar bygdedans, men mest av alt har ho spreidd dansegledene. Opdahl har også hatt ei rekke verv både lokalt, regionalt og nasjonalt og har dermed vore med på å arrangera ei rekke samlingar for å få endå fleire ut på dansegolvet.

Stipendet ynskjer Opdahl å bruka til å utvikla seg som dansar. Mest fokus kjem ho til å ha på vestlandsspringaren og runddansen "polka med støyt". For å læra meir om desse dansane kjem ho til sjå opptak, reise, lære hjå kjelder og vitje ulike dansegolv.

Kristoffer Kleiveland (f.1990) – Durspel.

Kristoffer Kleiveland frå Osterøy er ein av landets beste toradarspelemenn. Han har vunne seniorklasse både på Landskappleik og Landsfestivalen som er NM i folkemusikk. Han har teke ein bachelor på Ole Bull Akademiet og har gjeve ut sin første solo-cd. Kleiveland er ein stor inspirator for unge toradarspelarar og er aktiv som instruktør attåt konsertering og andre oppdrag.

Stipendet ynskjer Kleiveland til å undersøke nærmare den gløymde einradartradisjonen på Vestlandet. Få har jobba med dette tidlegare så ei systematisk undersøking av denne musikkhistoria vil vera særsviktig for folkemusikkhistoria vår.